

# **RUS- OG PSYKIATRIPLAN 2021 - 2025**

## **SOLUND KOMMUNE**

**Solund kommune 2021-2025**

**Tiltak og tenester for menneske med psykiske vanskar eller lidingar**



## Innhald

<b>1. Innleiing</b> .....	2
Lover og forskrifter .....	2
<b>2. Sentrale føringar</b> .....	2
Barn og unge .....	2
Vaksne.....	2
Retningslinjer .....	3
<b>3. Tilsette og organisering</b> .....	3
<b>4. Tiltak</b> .....	4
Førebyggjande tiltak.....	4
Sosiale tiltak .....	4
Aktivitetsfremmande tiltak .....	4
Samhandling.....	4
<b>5. Regulering av tilgjenge av alkohol</b> .....	5
Definisjonar og forklaring: .....	5
Hovudprinsipp for tildeling av sals- og skjenkeløyve:.....	5
Regulering av løyve .....	6
Retningslinjer for salsløyve: .....	6
Retningslinjer for skjenkeløyve: .....	7
Kontroll og prikksystem: .....	9
<b>6. Utfordringar</b> .....	10
<b>7. Kjelder</b> .....	11

## 1. Innleiing

Planen skal gje auka innblikk i tenestene, og er retningsgjevande for arbeidet med psykisk helse og rus i Solund kommune. Kommunen har som mål å følgje samhandlingsreforma (St.meld. nr. 47 (2008-2009)), der det er ei økt satsing på koordinering mellom tenester. Kommunen si rolle er å fokusere på ei heilskapleg tenking med førebygging, tidleg intervensjon, behandling og oppfølging. St.meld. nr. 30 (2011-2012) - "Sjå meg - Ein heilskapleg rusmiddelpolitikk" konstaterer same målsetting; førebygging og tidlig innsats, samhandling og eit samanhengande tenestetilbod.

### lover og forskrifter

Dei mest sentrale lovene finn ein på: [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)

Lov om sosiale tenester i NAV

Helsepersonellova

Alkohollova

Pasient- og brukerrettighetslova

Psykisk helsevernlova

Barnelova

Folkehelselova

Helse- og omsorgstjenestelova

FN's Barnevernkonvensjon

Pasientjournalforskrift

Forskrift om individuell plan

Forskrift om Lovbestemt sykepleietjeneste i kommunen

Legemiddelforskrifta

## 2. Sentrale føringar

### Barn og unge

I tråd med kommunens samfunnsdelplan vart tilbodet til barn og unge styrka ved at kommunepsykologtenesta i 2020 bygde opp eit tilbod til born og unge innan psykisk helse og rus. Dette inkluderer lågterskel behandling, førebygging og tettare samarbeid med andre innstansar som arbeidar med barn og unge. Dette tilbodet blir aktivt nytta, og bør oppretthaldast og vidareutviklast.

### Vaksne

Kommunen sin innsats bør rettast mot menneske med frå milde til alvorlege lidningar. Dette bør omfatte bustad med tilstrekkeleg bistand, meiningsfylte aktivitetar, om mogeleg arbeid, sosiale fellesskap, nødvendig og tilpassa helse- og sosialtenester, kortvarig lågterksel

behandling til vaksne med milde til moderate psykiske vanskar/rusproblematikk og støttesamtaler til vaksne med moderate til alvorlege lidingar.

### Retningslinjer

Tenestene skal ivareta brukarars rett til medverknad. Kommunen skal følgje nasjonale føringar, retningslinjer og rettleiare i arbeidet med personer med psykisk vanskar og/eller rusproblematikk:

Nasjonale rettleiare om Psykisk helsearbeid for vaksne [1] og barn og unge [2] i kommunen.

Nasjonale faglige retningslinjar for utgreiing, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse [3]

Saman om mestring - Nasjonal veileidar i psykisk helse- og rusarbeid for vaksne [4]

Heilhetleg tverrsektoriell strategi for barn, unges og vaksnes psykiske helse som omfattar individ og samfunn, og som inneheld både helsefremmande, førebyggjande og kurative initiativ: Mestre hele livet - Regjeringens strategi for god psykisk helse (2017–2022) [5].

Stortingsmelding 30 (2011-2012) Se meg! med tanke på rusmiddelpolitikk, der det er lagt vekt på førebygging og tidleg innsats, samhandling, auka kompetanse og betre kvalitet, hjelp til tungt avhengige og arbeid mot passiv drikking [6].

Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019–2024) [7]

## 3. Tilsette og organisering

Overordna ansvarleg er helse- og omsorgsleiar.

Medisinsk ansvarleg er kommunelege.

Ansvar for psykisk helseteam og rus er leiar for psykisk helseteam, med kommunepsykolog som fagansvarleg. Her ligg ansvaret for oppfølging av brukarar med lidingar/vanskar innan psykisk helse og/eller rus med behov for samansett og langvarig oppfølging. Leiar for psykisk helseteam er også ansvarleg for støtte- og treningskontaktar.

Ansvar for kommunepsykologtenesta er kommunepsykolog. Tenesta har ansvar for kortvarig oppfølging av brukarar med milde til moderate psykiske vanskar eller lidingar.

Ansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta er leiande helsesjukepleiar. Tenesta har mellom anna ansvar for lågterskel oppfølging av born med milde psykiske vanskar. Sjå eigen plan for helsestasjon og skulehelsetenesta for meir informasjon om denne tenesta.

Ansvar for heimetenesta er avdelingssjukepleiar. Tenesta følger opp brukarar med rett på heimebaserte teneste.

Ansvar for sjukeheimen er avdelingssjukepleiar. Her ligg ansvaret for oppfølging av bebuarar på sjukeheimen.

## 4. Tiltak

### Førebyggjande tiltak

Førebygging må rette seg mot fleire ulike arenaer, blant anna barnehage, skule, foreldre, arbeidsliv og ulike organisasjonar. Rusmiddelproblem og psykiske vanskar kan oppstå, utvikle seg og gjere seg gjeldande i ulike fasar i livet.

Det er ønskeleg med fleire ulike rusfrie arenaer/arrangement slik at innbyggjarar i kommunen møtast oftare når det ikkje er servering av alkohol.

Helsestasjon og skulehelsetenesta har eit ansvar for å drive førebyggjande og helsefremjande arbeid for born og unge (0 – 20 år). Skulehelsetenesta har eit godt utgangspunkt for å arbeide målretta i høve til førebygging av psykisk uhelse og rusmiddelproblematikk både individuelt og på gruppenivå.

Kommunepsykologtenesta bør også drive førebyggjande arbeid for barn og unge. Dette kan til dømes vere kurs for føresette, undervisning i skulen og kompetanseheving av tilsette som arbeidar med born og unge (særleg oppvekstsektoren og helsesjukepleiar). Tenesta driv også førebygging av at allereie oppståtte vanskar forverrar seg gjennom individuell/familiebasert behandling.

Markering av verdensdagen for psykisk helse (10.oktober) retter merksemd mot ulike tema innan psykisk helse og bør haldast fram med. Dette er eit allment førebyggjande tiltak der mange innbyggjarar deltek som kanskje elles ikkje ville fått slik informasjon.

### Sosiale tiltak

Flittige hender er eit dagtilbod med ulike aktivitetar der alle som ønskjer kan delta.

Støttekontakt er eit tilbod for å motverke isolasjon, og skal utvide høve til å delta på aktivitetar i fritida.

### Aktivitetsfremmande tiltak

Fysisk aktivitet er ein viktig førebyggjande og behandlande faktor når det kjem til psykisk helse- og rusproblematikk. Aktiv på dagtid gir moglegheit for trening med fysioterapeut tilgjengeleg. Tilbodet er meint for personar som av ulike årsaker ikkje kjem seg på andre aktivitetstilbod.

Treningskontaktar er eit viktig verktøy for å aktivisere personar med psykisk helse- og/eller rusutfordringar som slit med å delta på anna aktivitet.

### Samhandling

I tråd med samhandlingsreforma (ST.meld. nr 47 (2008-2009) legg kommunen vekt på godt samarbeid mellom tenestene, slik at brukarar får dei tilboda dei har høve for.

Godt psykisk helsearbeid krev tverrfagleg samarbeid, kunnskap, tid, interesse, empati og kontinuitet i tenestetilbodet. Legane er hovudbindeleddet mellom kommunen og spesialisthelsetenesta, og har hovudansvar for tilvising til mellom anna psykisk helsevern for vaksne og for barn og unge. Heimetenesta er ein viktig samarbeidspartnar i å observere behov og endringar også når det gjeld den psykiske helsa. Alle tenester bør ha lav terskel for å ta kontakt med relevante instansar i eller utanfor kommunen. Døme på dette kan vere tenestene under helse og omsorg, NAV, barnehage, skule, psykisk helsevern for barn og unge, psykisk helsevern for vaksne, barnevern, krisesenter eller familievernkontor.

I tråd med St.meld. nr. 30 og 47 skal det vere låg terskel for fagleg diskusjon av brukarar mellom tenesta, så lenge samtykke ligg til grunn. Det bør haldast jamlege samarbeidsmøter der ein både kan diskutere brukarar og systemet som arbeidar med desse.

## 5. Regulering av tilgjenge av alkohol

Den kommunale alkoholpolitikken vert forvalta innan dei rammer som er gjevne i Lov av 2. juni 1989 nr. 27: «Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk med vidare» (Alkohollova) og Forskrifter til lova. Retningsliner for Solund kommune sin løyvepolitikk (sal- og skjenkeløyver) er ein del av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen. Delegasjonsreglementet ligg til grunn for ansvarsdeling mellom kommunestyret og administrasjonssjefen.

Solund kommune har hatt ein nedgang i antall salsløyve dei siste åra. Det er per i dag 2 salsløyver i kommunen. Skjenkeløyva har også gått ned dei siste åra, og det er no 2 løyver at. Då det er dei løyvene som har hatt mest omsetning som står att har nedgangen i løyver ikkje hadde veldig stor påverknad på den totale omsetninga i kommunen.

### Definisjonar og forklaring:

- Alminneleg skjenkeløyve: Gjev løyve til å skjenke til alle gjestar som oppfyller lovas krav til aldersgrense med meir.
- Einskildløyve: Gjeld løyve for eit bestemt høve for skjenking til ein ubestemt krets personar, knytt til ei bestemt hending til dømes eit ope arrangement.
- Ambulerande skjenkeløyve: Ambulerande skjenkeløyve er ikkje knytt til ein bestemt person eller skjenkestad. Kommunen gjev løyve til å skjenke alkohol ved eit einskilt høve ved lukka lag. Med lukka lag meiner ein arrangement kor allereie, og før skjenkinga starter, er danna ei slutta krets av personar som samlast for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Til dømes bryllaup, konfirmasjon, jubileum osv. Det lukka laget kan ikkje være opent for utanforståande, og det er ikkje tilstrekkelig at ein skriv seg på ei liste eller kjøper billetter før skjenkinga begynner. Det dreier seg om dei tilfelle der privatpersonar ønskjer å avvikle eit privat arrangement i leigde lokale i staden for å halde arrangementet heime.
- Med sal forståast overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor sals-staden.
- Med skjenking forståast sal for drikking på staden.

### Hovudprinsipp for tildeling av sals- og skjenkeløyve:

- Skjenkeløyve skal tildelast i følgje Alkohollova § 1-7a.
- Brot på sals- og skjenkeløyva skal forfylgjast straks dei vert avdekka.
- Politi eller andre instansar som oppdagar brot på alkohollova skal melde frå om dette til kommunen.
- Restriktiv haldning til sal og skjenking på stadar der born og unge ferdast.

## Regulering av løyve

Det har vore mellom 5-8 ambulerande løyver dei siste åra, med stort sett faste årlege arrangement. Med unntak av 2020 då smitteverntiltak gjorde at desse arrangementa ikkje vart avholdt. Kommunen sin kontroll og løyvepolitikk er avgjerande for å minke totalforbruket og redusere skadane av alkohol. Det bør ikkje tildelast løyve til skular, barnehagar, idrettsanlegg eller andre lokale i tida born og unge utgjer ei viktig brukargruppe ved arrangementet.

Det er viktig at kommunen ser forvaltning av alkohollova i samanheng med resten av det rusførebyggjande arbeidet. Kommunen har avtale med ektsernt firma for gjennomføring av sal og skjenkestader. Dei siste åra har det vora ca. 3 kontrollar per år.

Løyveperioden er sett til 4 år og denne perioden fylgjer kommunestyre perioden. Tildelt løyve gjeld fram til 30. september året etter at nytt kommunestyre trer i kraft. Ved fornying av løyve skal det takast omsyn til korleis løyvehavaren har praktisert løyvet i førre periode.

Alkohollova har klare retningslinjer for kven som kan selja alkohol og kva som kan seljast, til kvar tider ein kan selja og sakshandsaming ved søknadar om sals- eller skjenkeløyve.

Alle bevillingar skal utøvast i samhøve med alkohollova sine reglar, sal og skjenking av alkoholhaldig drikk kan berre skje på grunnlag av bevilling etter denne lov. Alle § tilvisingane i retningslinene i kapittel 6.1, 6.2 og 6.3 under er knytt til Alkohollova viss ikkje anna er nemnt.

## Retningslinjer for salsløyve:

Salsløyve	<p>Løyve til sal av øl og rusbrus opp til 4,7 volumprosent alkohol (gruppe 1) er avgrensa til daglegvarebutikkar.</p> <p>Det skal vere ein ansvarleg styrar og ein vara, begge må vere fylt 20 år og begge skal ha greidd kunnskapsprøva etter alkohollova. Det kan gjerast unntak jamfør § 1-7c i når det verkar urimeleg med omsyn til sals-staden sin storleik.</p> <p>Det er ikkje sett tal for faste salsløyve i kommunen.</p> <p>Løyve til sal av øl og rusbrus opp til 4,7 volumprosent alkohol (gruppe 1) er avgrensa til daglegvarebutikkar.</p> <p>Det skal vere ein ansvarleg styrar og ein vara, begge må vere fylt 20 år og begge skal ha greidd kunnskapsprøva etter alkohollova. Det kan gjerast unntak jamfør § 1-7c i når det verkar urimeleg med omsyn til sals-staden sin storleik.</p> <p>Det er ikkje sett tal for faste salsløyve i kommunen.</p> <p>Handsaming:</p> <p>Krav til vandel jamfør § 1-7b.</p> <p>Fråsegn frå politi og helse- og sosialtenesta vert henta inn, i tillegg kan kommunen innhente fråsegn frå skatte- og avgiftsmynde.</p> <p>Løyve gjevast etter skjønn jamfør § 1-7a.</p> <p>Gebyr i samsvar med § 6.2. i «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v».</p>
Salstider	<p>Salstida for øl og rusbrus opp til 4,7 volumprosent alkohol følgjer i hovudsak opningstida til daglegvareforretningane.</p> <p>Løyvegjevar kan avgrense salstida til kortare enn alkohollova sine ytre tider om ein finn dette naudsynt som eit alkoholpolitisk verkemiddel. Salstida er uansett avgrensa av Alkohollova sine ytre tider jamfør § 3-7:</p> <p>kl. 08.00 – 20.00 på kvardagar</p>

	kl. 08.00 – 18.00 på dagar før søndagar og helgedagar (unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag). Det er ikkje lov å selje alkoholhaldig drikk som på søndagar og helgedagar, 1. og 17.mai.
Kontroll	Kommunen har ansvar for kontroll med utøvinga av kommunal bevilling av sal av alkoholhaldige drikker jamfør § 1-9.

### Retningslinjer for skjenkeløyve:

Alminneleg løyve for skjenking for øl, vin (opp til 22 volumprosent) og brennevin.	<p>Gjevast til serveringsverksemdar der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at alkoholservering kan forsvarast, jamfør Alkohollova § 1-7a. Gjeld mellom anna overnattingsstader; definert som hotell, motell, pensjonat og båt.</p> <p>Verksemda må ha godkjent serveringsløyve.</p> <p>Ved tildeling av løyve må ein definere kva for gruppe alkoholhaldig drikk løyvet gjeld.</p> <p>Gjeld for definert og godkjent areal. Løyvet gjeld utandørs serveringsareal, dersom arealet er klart avgrensa og ligg naturleg knytt til skjenkearealet innandørs.</p> <p>Det skal vere ein ansvarleg skjenkestyrar og ein vara, begge må vere fylt 20 år og begge skal ha greidd kunnskapsprøva etter alkohollova. Det kan gjerast unntak jamfør § 1-7c i når det verkar urimeleg med omsyn til skjenkestaden sin storleik.</p> <p>Skjenketider skal fylgje «normaltider» for skjenking, som er 08.00-01.00 for gruppe 1 og 2, og 13.00-24.00 for gruppe 3.</p> <p>Det er ikkje sett tak på faste skjenkeløyve i kommunen.</p> <p>Utøving av løyvet skal til ei kvar tid vere i tråd med fråsegn i lov, forskrift og løyvevedtaket, jamfør § 4-7.</p> <p>Handsaming:</p> <p>Krav til vandel jamfør § 1-7b.</p> <p>Fråsegn frå politi og helse- og sosialtenesta vert henta inn, i tillegg kan kommunen innhente fråsegn frå skatte- og avgiftsmynde.</p> <p>Løyve gjevast etter skjønn jamfør § 1-7a.</p> <p>Gebyr i samsvar med § 6.2. i «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v».</p>
Einskildløyve av øl og vin (opp til 22 volumprosent) og eventuelt brennevin	<p>Kommunen kan gje løyve for eit bestemt høve for skjenking til ein ubestemt krets personar.</p> <p>Det vil være eit alminneleg løyve og må vere knytt til ei bestemt hending.</p> <p>Gjevast til lag, organisasjonar, institusjonar og enkeltpersonar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Offentlege forsamlingslokale, grendehus og liknande.</li> <li>- Uteservering i samband med spesielle arrangement.</li> </ul> <p>Skjenkestaden skal vere klart avgrensa.</p> <p>Skjenketider for skjenkeløyve ved einskilhøve skal setjast innanfor 08.00 - 02.00 for gruppe 1 og 2, og 13.00 - 24.00 for gruppe 3.</p> <p>Skjenketidane kan verte innskrenka av omsyn til dømes målgruppe, lokalitetar, trafikkomsyn eller andre faktorar.</p>

	<p>Det er ikkje krav om stått kunnskapsprøve etter alkohollova, men skjenkestyrar må vere fylt 20 år.</p> <p>Løyvet kan ikkje gjevast til stader unnatekne skjenking i lov, forskrifter eller kommunale retningsliner.</p> <p>Det er krav om tilfredstillande vakthald.</p> <p>Handsaming:</p> <p>Løyvet er eit alminnelig løyve.</p> <p>Løyve gjevast etter skjønn jamfør § 1-7a.</p> <p>Søknadsfrist: tre (3) veker før arrangementet.</p> <p>Det skal nyttast standard søknadsskjema.</p> <p>Gebyr i samsvar med «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v» kap. 6.2.</p> <p>I samband med idrettsarrangement eller arrangement der born og unge er ei målgruppe vert det ikkje gjeve skjenkeløyve.</p>
Ambulerande løyve som kan nyttast i einskildhøve.	<p>Løyve vert gjeve til servering av øl, vin og brennevin ved lukka lag og er ikkje knytt til ein bestemt person eller skjenkestad, jamfør § 4-5.</p> <p>Gjevast til dømes: bryllaup, jubileum og liknande arrangement.</p> <p>Skjenkestaden skal vere klart avgrensa.</p> <p>Skjenketider skal i samband med einskildhøve etter alkohollova fylgje «normaltid» for skjenking, men kan verte innskrenka av omsyn til dømes målgruppe, lokalitetar, trafikkomsyn eller andre faktorar.</p> <p>Det er ikkje krav om stått kunnskapsprøve etter alkohollova, men skjenkestyrar må vere fylt 20 år.</p> <p>Det er ikkje krav om at fråsegn frå politi og sosialtenesta vert innhenta.</p> <p>Løyvet kan ikkje gjevast til stader unnatekne skjenking i lov, forskrifter eller kommunale retningsliner.</p> <p>Løyveperioden for ambulerande løyve er sett til 4 år og fylgjer kommunestyre perioden.</p> <p>Solund kommune har eit ambulerande løyve.</p> <p>Handsaming:</p> <p>Søknad om bruk av løyve må gje opplysningar om: dato, klokkeslett, type arrangement, stad, kva gruppe alkoholholdig drikk som skal serverast, kven som er skjenkestyrar.</p> <p>Løyve gjevast etter skjønn jamfør § 1-7a.</p> <p>Søknadsfrist: tre (3) veker før arrangementet.</p> <p>Det skal nyttast standard søknadsskjema.</p> <p>Gebyr i samsvar med «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v» kap. 6.2.</p> <p>I samband med idrettsarrangement eller arrangement der born og unge er ei målgruppe vert det ikkje gjeve skjenkeløyve.</p>
Alkoholserving utan løyve	<p>Privatpersonar som leiger/ låner eit lokale kan servere alkohol utan løyve ved særskilt høve og i lukka lag, jamfør § 8-9.</p> <p>Eit slikt fritak gjeld ikkje organisasjonar som leiger/låner eit lokale.</p>
Ingen løyve	<p>Stadar/arrangement som er spesielt retta mot ungdom under 18 år, eller der born og unge er ei målgruppe.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Idrettsarrangement og liknande.</li> <li>- Kioskar og bensinstasjonar.</li> </ul>
Aldersgrense for sal og skjenking av alkohol	<p>Aldersgrensene for sal og skjenking av alkohol er definert i § 2-3 i «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v».</p>

	<p>Aldersgrensa for å selje eller servere alkoholsvak drikke og alkohol i gruppe 1 og gruppe 2 er 18 år.</p> <p>For å selje eller skjenke alkohol i gruppe 3 er aldersgrensa 20 år.</p> <p>Unntaket her er dersom servitøren har kokk- eller servitørfagbrev, eller ved sal av alkoholholdig drikke når ein over 18 år har dagleg tilsyn med salet.</p>
Gebyr	<p>Dei årlege gebyra som vert kravd inn, skal nyttast til kommunen si utøving av kontroll med sals- og skjenkestadene.</p>

### Kontroll og prikkssystem:

Kontroll	<p>Kommunen har med heimel i § 1-9 ansvar for kontroll med utøving av kommunalt gjeve sals- og skjenkeløyver. Kontroll av sals- og skjenkestader skal gjennomførast av leigde kontrollørar eller kommunale kontrollørar om det vert valt.</p> <p>Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketider, aldersgrenser og at det ikkje vert skjenkt til openbert rusa personar.</p> <p>Politiet har høve til å stenge ein sal- eller skjenkestad jamfør § 1-8a.</p>
Prikkssystem	<p>Bestemmelsene i alkoholforskrifta i §§ 10-1 til 10-6 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavars alkoholrettslege plikter.</p> <p>Reglene inneber at ulike brot blir tildelt eit visst tal prikker og der 12 tildelte prikker i løpet av to år førar til ein standardreaksjon på inndragning i ei veke. Ordninga er obligatorisk, og kommunar er pliktige til å følgje dei anvisningar som følgjer av forskrifta.</p> <p>Om det ligg føre formildande eller skjerpande omstendigheiter kan det på nærare vilkår tildelast fleire eller færre prikkar enn systemet tilseier, jf. forskriftas § 10-4.</p> <p>Sjølv prikkssystemet følgjer av forskriftas § 10-3.</p> <p>«Følgende overtredelser fører til tildeling av åtte prikker:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 annet ledd</li> <li>- brudd på bistandsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften</li> <li>- brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7</li> <li>- hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.</li> </ul> <p>Følgende overtredelser fører til tildeling av fire prikker:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften</li> <li>- brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-7 og § 4-4</li> <li>-skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5 første ledd</li> <li>- brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.</li> </ul> <p>Følgende overtredelser fører til tildeling av to prikker:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholoven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften</li> <li>- manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften</li> <li>- manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften</li> <li>- brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholoven § 1-7c</li> <li>- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholoven § 1-8 annet ledd</li> <li>- gjentatt diskriminering, jf. alkoholoven § 1-8 annet ledd.</li> </ul> <p>Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften</li> <li>- brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften</li> <li>- konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften</li> <li>- gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften</li> <li>- brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften</li> <li>- brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholoven § 3-2 og § 4-3</li> <li>- brudd på reklameforbudet, jf. alkoholoven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften</li> <li>- andre overtredelser som omfattes av alkoholoven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholoven § 3-1 sjette ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.»</li> </ul>
Kommunale retningslinjer for inndraging av sals- og skjenkeløyve	<p>Kommunen vil ha rett til inndraging av løyve ved brot på Alkoholova og eller kommunale retningslinjer, jamfør § 1-8.</p> <p>Kommunale retningslinjer gjeld for:</p> <p>Gruppe A:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sal / skjenking av mindreårige</li> <li>2. Sal / skjenking til tydeleg rusa personar</li> </ol> <p>Gruppe B:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sal / skjenking utover sals-/skjenketid</li> <li>2. Ikkje levert omsetjingstal i rett tid</li> <li>3. Ikkje betalt løyvegebyr i rett til.</li> </ol>
Sakshandsaming	Delegasjonsreglementet ligg til grunn for ansvarsdeling mellom kommunestyret, formannskapet og administrasjonssjefen.

## 6. Utfordringar

Arbeid med psykisk helse og rus i ein liten kommune kan by på nokre utfordringar. Vi er sårbare når det gjeld kompetanse og ressursar. Det kan også lett oppstå habilitetsproblem i eit lite lokalsamfunn. Mange arbeidar åleine i små stillingsprosentar. Ein har få brukarar, og kan ikkje like lett som i ein større kommune byggje opp god kunnskap på alle fagområder. Det er eit mål å få til betre samarbeid med nabokommunar når det gjeld kurs og utveksling av erfaring. Lang veg til politi gjev utfordringar når det gjeld utagerande klientar. Samstundes gjev nærleiken i ein liten kommune høve for fleksible og tilpassa løysingar, og ein har god kjennskap til ressursar i lokalsamfunnet.

## 7. Kjelder

[1] Sosial- og helsedirektoratet (2005). Psykisk helsearbeid for voksne i kommunen. Henta frå file:///C:/Users/22inggro/Downloads/IS-1332\_7573a.pdf. Lasta ned 29.03.21

[2] Sosial- og helsedirektoratet (2007). Psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunen. Henta frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/hod/is-1405\\_14898a.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/hod/is-1405_14898a.pdf). Lasta ned 29.03.21

[3] Helsedirektoratet (2012). Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse (ROP-lidelser) [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 03. januar 2012, lest 26. mars 2021). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/samtidig-ruslidelse-og-psykisk-lidelse-rop-lidelser>

[4] Helsedirektoratet (2014). Sammen om mestring – Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 28. februar 2014, lest 26. mars 2021). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/sammen-om-mestring-lokalt-psykisk-helsearbeid-og-rusarbeid-for-voksne>

[5] Departementene, Mestre hele livet - Regjeringens strategi for god psykisk helse (2017–2022), 2017. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mestre-hele-livet/id2568354/>. Lasta ned 26.03.21

[6] Regjeringen, Meld. St. 30 (2011–2012) Se meg!— alkohol – narkotika – doping, 2012. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-30-20112012/id686014/?ch=1>. Lasta ned: 26.03.21.

[7] Helse- og omsorgsdepartementet, Prop. 121 S (2018–2019), Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019–2024), 2019. Hentet frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-121-s-20182019/id2652917/>. Lasta ned: 22.06.21.

Ansvarlege for denne planen:

Helse- og omsorgsleiar, Christine Laarsdotter Vaagen

Leiar psykisk helseteam og rus, Ole Kristian Sund

Kommunepsykolog og fagansvarleg psykisk helseteam og rus, Ingrid Grønnæss

Leiar for stab, ansvarleg for søknadar om skjenkeløyve, Amund Aglen